

Rekruttering av lungesyke til Pust Deg Bedre- prosjektet

Bakgrunn:

Innovasjonsprosjektet Pust Deg Bedre starta hausten 2021 ein pilot kor ein ønskte å ta det digitale verktøyet i bruk i kommunane. Kinn (Florø), Sunnfjord og Fjaler kommune vart med i piloten kor målet var å skaffe seg erfaring med bruk av verktøyet i 1. linjetenesta, før Pust Deg Betre vert implementert regionalt og etter kvart også nasjonalt.

Prosjektleiari har i åra vore på «lungelunsj» på ulike legesenter i Fjaler, Skei, Florø, Førde og Sande. Her fekk fastlegane informasjon om prosjektet og vart beden om å tilvise lungesjuka etter gitte kriterium til fysioterapeut for behandling. Fysioterapeutane i dei ulike kommunane fekk så ei grundig faglig oppfrisking samt opplæring i verktøyet Pust Deg Bedre. 5 superbrukarar var klar til å ta imot pasientane.

Prosjektet fekk i år i første halvår i 2022 fornya støtte for å gjennomføre implementeringa i 1.linjetenesta, både gjennom innovasjonsmiddel i Helse Førde og prosessrettleiing av [InnoMed](#).

Status: For få rekrutterte lungesjuka til behandling

No har det gått nokre månader sidan informasjon og opplæring vert gitt. I eit statusmøte med superbrukarane kjem det fram at dei har fått veldig få lungesjuka til behandling. Nokon pasientar tar truleg ikkje kontakt sjølv om dei er oppmoda til det, men det kan også vere at tilvisinga vert gløymd i ein hektisk klinisk kvardag. Dei pasientane som har fått oppfølging har opplevd det som nyttig og vore positiv til å bruke verktøyet i si eigenbehandling.

Oppmoding til fastlegane:

Ein ynskjer med dette difor å rette fokus mot rekruttering og ber alle fastlegar som har lungesjuka med slimplagar og tungpust om å ta kontakt med fysioterapeut (sjå kontaktinfo. under).

Fysioterapeutane vil gjerne ha dialogmelding så kan dei kontakt pasientane for å sette opp time i dei tilfella ein mistenker dårleg compliance.

Den lungesjuka må få komme til fysioterapeuten og her er dykk som fastlegar eit viktig bindeledd.

På førehand, takk for samarbeidet 😊

FAKTABOKS

- I følge LHL har over 8 % eller minst 200 000 personar over 40 år kols i Noreg.
- Pust Deg Betre er ein app som visualiserer dei mest grunnleggande og anerkjente pusteteknikkane for å mobilisere slim og dempe dyspné
- Behandlar individtilpassar pasienten sin app med aktuelle og anbefalte pusteteknikkar.
- Appen rettleiar pasientane i pusteteknikkar.
- Prosjektet har fått innovasjonsmidlar frå mellom andre Helse Førde, Helse Vest, Sparebanken Vest sitt næringsfond og Stiftelsen Dam.
- Les meir: www.pustdegbedre.no

Inklusjonskriterium:

- Framtredande symptom knytt til slim/dyspné
- Hyppige forverringar eller AB-krevjande infeksjonar
- Innlegging i sykehus pga. lungesjukdom
- Kognitivt velfungerande (kunne gjere pusteteknikkar på eiga hand, eller med litt hjelp frå personale/pårørande)
- Kan norsk munnleg og skriftleg
- Har smarttelefon eller nettbrett
- Kan betene smarttelefon/nettbrett- Ikkje behov for høg digital kompetanse

Kontaktinformasjon til fysioterapeutene:

Iselin Engene, Sande: Tlf. 577 18 260
Isabel Hoel, Skei: Tlf. 992 02 685
Synnøve Husevåg Lobben, Førde
fysioterapi: Tlf. 940 38 104
Sara Steine, Florø: Tlf. 913 21 742
Kristina Østerhus, Fjaler: Tlf. 414 69 249